

# Aurlandshallen

## Instruks for bruk av trimrommet

1. Aurlandshallen er eigd av Aurland kommune. Drifta er organisert som eit eige ansvarsområde, med eit eige driftsstyre. Driftsstyret har ansvar for drift og forvaltning av trimrommet.
2. Trimrommet er ope i samsvar med opningstider vedtekne av driftsstyret. Det skal alltid vera vaksen vaktperson tilstades når trimrommet er ope.
3. Alle som skal bruka trimrommet skal betala treningsavgift. Satsane for treningsavgift gjeld for eitt år av gangen. Driftsstyret vedtek treningsavgifter.
4. Grupper/lag som vil nytta trimrommet utanom opningstider, må avtala dette med driftsstyret.
5. Aldersgrense for bruk av trimrommet er 16 år. Personar under 16 år, men over 14 år, kan trenar i følgje med føreset.
6. Alle som har betalt treningsavgift får utskrive treningskort. Treningskortet skal vera med ved all bruk av rommet, og må kunne framvisast for kontroll til den som har vakt i trimrommet. Personar som ikkje har gyldig treningskort kan visast vekk frå trimrommet eller nektast adgang.
7. Vakta har mynde til midlertidig å ikkje sleppa inn fleire personar i trimrommet, dersom denne vurderer at det er for mange tilstades i rommet. Ved kø eller stor pågang kan vakta be personar som har trenar meir enn 75 minutt om å avslutta treninga og sleppa andre til.
8. Personar som nyttar doping har ikkje adgang til trimrommet. Alle som skal nytta trimrommet i Aurlandshallen må skriva under på at dei ikkje nyttar dopingpreparat. Det kan utførast dopingkontrollar i trimrommet.
9. Alle som nyttar trimrommet skal ta omsyn til andre som trenar. Dette inkluderar m.a. forbod mot trening med bar overkropp, høge lydar, tilrop og sjikanering.
10. Alle som trenar skal ha treningsklede, olabukse og liknande er forbode.
11. Av hygieniske årsaker skal alle som nyttar trimrommet ha med handkle for å tørka vekk sveitte som kjem på og ved treningsapparat.
12. Det skal berre nyttast utstyr og apparat som høyrer til i trimrommet. Det er ikkje lov å ta med eige treningsutstyr. Fast utstyr skal ikkje flyttast. Mindre treningsutstyr skal setjast på rett plass etter bruk.
13. Det skal berre nyttast sko som er meint for innandørs trening, og som ikkje set merke på golvet.
14. Utstyr og inventar som vert øydelagt ved hærverk eller feil bruk, må erstattast av den som har øydelagt dette.
15. Alle unormale hendingar, uhell, hærverk o.a. skal straks meldast til vakta i trimrommet.
16. Attglyymde effektar/klede vert tekne vare på i 1 mnd. Desse vert oppbevart i trimrommet.
17. Vakta i trimrommet kan visa vekk personar som ikkje føl bruksreglementet.
18. Driftsstyret kan nekta personar som har brote bruksreglementet tilgang til trimrommet i Aurlandshallen, enten permanent eller for ein bestemt tidsperiode.

Aurland, 15. desember 2008

Driftsstyret for Aurlandshallen